

BETRE  
ANNLEIS

BETRE  
ANNLEIS

BETRE  
ANNLEIS

HEILAG

HEILAG

HEILAG

UTANFOR  
STØRRE

UTANFOR  
STØRRE

UTANFOR  
STØRRE

## Guds storheit

Les Jes. 40,12-17 og Sal. 8

Vi menneske – særleg oss i den vestlege kulturen - liker å tenke at vi i stor grad har kontroll. Men kva når ein vedvarande skade eller sjukdom, relasjonsbrot eller andre ytre faktorar rammar oss og avgrensar oss? Kva når vårt indre er kaotisk, motstridande eller mørkt? Kva når vi berre ikkje strekk til og livet – eller i verste fall døden - innhentar oss? Kor går vi då? Treng vi ein Gud som er større enn oss?

Gud er ein stor Gud. Vi er ingenting målt mot Hans forstand og styrke. Den er Han som har designa universet og held det oppe. Den einaste grunnen til at vi kan kjenne på nokon som helst kontroll i denne verda er fordi han vel å gje oss stabile rammer. Vi har så lett for å putte Gud inn i våre rammer, men eigentleg er det rein idioti. Vi har ikkje kontroll, Gud har. Han gir oss gode rammer.

## Spørsmål til samtale

1. Har du nokon gong kjent på ein følelse av at du er liten og universet (ev Gud/Himmelen) stort? Fortel.
2. Kva provoserer deg mest i bibeltekstane og kva synes du er mest spennande?
3. Synest du det er ein tryggande eller skremmande følelse at du ikkje har kontroll på Gud? Utdjup gjerne.
4. Når treng du ein stor Gud?
5. Kva er ein ting du kan gjere for at Gud i større grad får vere Gud i livet ditt?

## Utfordring



### Tilbeding og bøn

Det er godt for oss å kjenne på at God er stor og vi små. Gå ut i naturen ein kveld med klarvær i nærmaste framtid. Finn ein plass som er stille og utan mykje kunstig lys. Legg deg på ryggen og sjå opp på stjernehimlen i minimum 15 min. Vær saman med Gud i stillheit.



### Guds Ord

Når vi mediterer (grunner) på Guds Ord gir vi Ordet – ved Anden - rom til å skape ting i oss. Les Sal. 8 kvar dag den neste veka og ta deg god tid til å tenke/meditere over teksten eller enkelte setningar som står ut for deg. Lær deg gjerne vers 4-5 utanåt.

## Om serien

Vi kristne trur på ein Gud som er nær, ein som vi kan kjenne, ein som forstår oss og som vi kan komme til akkurat der vi er. Og det er sant! Alt dette kan likevel føre til at vi drar Gud ned på vårt nivå – at vi tenker at han er som oss. Sjølv om det er mykje godt, sant og vakkert i vår verd og i oss menneske – er det òg mykje som er vondt, brote og øydelagt. Vi treng noko betre, noka utanfor oss sjølv og verden vi er ein del av, noko positivt annleis.

Her møter Gud oss som Heilag. Annleis. Større enn vi kan fatte. Vakkere enn noko vi har sett. Han har tankar langt høgare enn våre tankar og vegar heilt andre enn våre. Gjennom serien ønsker vi å sjå meir av denne sida av Gud – slik at vårt respons blir beundring, ærefrykt og ein djupare kjærleik. Vi trenger at Han får vere Gud – og vi får vere menneske.

BETRE  
ANNLEIS

# HEILAG

UTANFOR  
STØRRE

BETRE  
ANNLEIS

# HEILAG

UTANFOR  
STØRRE

BETRE  
ANNLEIS

# HEILAG

UTANFOR  
STØRRE

## Guds rettferd

Les Job 16,7-14, 33,35, 38,1-7, 39,34-40,9 og 42,1-6

Job er ei merkeleg bok. Gud lar Job, ein rettferdig og velstående mann sitt liv, gå fullstendig i grus. Familien døyr, alt han eig forsvinn og han blir ramma hardt av sjukdom. Job hevdar si uskyld og vil berre døye. Han dreg både Guds rettferd og Guds måte å styre universet på ein rettferdig måte, i tvil. Og vi sku tru at akkurat det har han rimeleg god grunn til.

I vår vestlege kultur er vi overtydd om at «eg veit kva som er best for meg og du for deg». Det å vurdere og dømme kva som er godt og rett og ikkje, sit liksom i ryggmargen. Til og med mot Gud kan vi seie «Nei dette kan du ikkje meine!» eller «Dette fortener eg ikkje!». I møte med Gud ser Job derimot kor enormt avgrensa perspektivet hans er. Samtalen med Gud gjer han både audmjuk og tillitsfull – utan at han egentleg får svar på kvifor han måtte lide. Likeins må vi innsjå at heller ikkje vi har eit dekkande perspektiv, Gud har, derfor kan vi velje tillit.

## Spørsmål til samtale

1. Har du nokon gong valt å stole på Guds Ord, Hans vurdering og leiing, der du har vore usikker eller til og med ueinig? Fortel.
2. Kva provoserer deg mest eller er vanskeligast å forstå i møte med bibelteksten?
3. Kva kan vere grunnar til at vi menneske kan utfordre Guds rettferd?
4. Kva er grunnar for å vere audmjuk overfor Gud i møte med lidning og vanskelege spørsmål?
5. Er du villig til å la Gud få siste ord når du gjer vurderingar og tar avgjersler i livet?

## Utfordring



### Tilbeding og bøn

Sett av litt tid aleine og knel, eller legg deg heilt flat med ansiktet ned. Erkjenn for Gud alle måtane du er avgrensa og kjem til kort på. Takk han for at han ser klart, at han er god og rettferdig og til å stole på.



### Leve og tene saman

Gå saman to og to og vedkjenn dersom det er eit eller fleire områder i livet kor du akkurat no lyttar meir til deg sjølv og andre menneske, enn til Guds stemme – eller strever med dette. Vedkjenn det som synd og sei 1. Joh. 1,9 over kvarandre dersom naturleg, og be saman.

## Om serien

Vi kristne trur på ein Gud som er nær, ein som vi kan kjenne, ein som forstår oss og som vi kan komme til akkurat der vi er. Og det er sant! Alt dette kan likevel føre til at vi drar Gud ned på vårt nivå – at vi tenker at han er som oss. Sjølv om det er mykje godt, sant og vakkert i vår verd og i oss menneske – er det òg mykje som er vondt, brote og øydelagt. Vi treng noko betre, noka utanfor oss sjølv og verden vi er ein del av, noko positivt annleis.

Her møter Gud oss som Heilag. Annleis. Større enn vi kan fatte. Vakkere enn noko vi har sett. Han har tankar langt høgare enn våre tankar og vegar heilt andre enn våre. Gjennom serien ønsker vi å sjå meir av denne sida av Gud – slik at vårt respons blir beundring, ærefrykt og ein djupare kjærleik. Vi trenger at Han får være Gud – og vi får være menneske.

BETRE  
ANNLEIS  
HEILAG  
UTANFOR  
STØRRE

BETRE  
ANNLEIS  
HEILAG  
UTANFOR  
STØRRE

BETRE  
ANNLEIS  
HEILAG  
UTANFOR  
STØRRE

## Guds visdom

Les Ordspr. 9,10, Jes. 55,8-9 og 1. Kor. 1,18-31

Vi bur i eit kunnskapssamfunn. Aldri før har ha så mange av oss vore så høgt utdanna. Våre samfunnsproblem går vi på autopilot til forkinga og teknologien for å løyse. Tru reknast gjerne som overflødig eller til og med dumskap – vi trur vi har kome lenger og er smartare. Vi har sett oss sjølv i sentrum - men er vi så smarte som vi skal ha det til?

I bibeltekstane kontrasterast Guds og menneskets visdom – og vår visdom blir kalla dårskap. Kvifor? Meiner Gud at alt vi tenker og gjer idioti? Nei. Men når vår visdom ikkje leier oss til Skaparen – der vi finn liv og mening – blir vi verande i vår eiga egosentriske og avgrensa boble – bortkomne i ei verd der døden til sjuande og sist rår. Guds visdom er uendeleg mykje høgare enn vår – han treng ikkje våre råd eller livserfaringar. Han veit kven vi er og kva vi treng. Det var Han som fant ein veg gjennom døden til liv – ikkje vi. Vi er ikkje smartast, Gud er, han gjer oss vis.

## Spørsmål til samtale

1. Har du nokon gong opplevd at Gud har gitt deg visdom i ein situasjon? Fortel.
2. Kva kan vere grunnar til at vi går til andre enn Gud for å finne løysingar på våre problem?
3. Er det nødvendigvis galt å finne løysingar hos ande enn Gud? Og når blir det i så fall et problem?
4. Korleis trur du vår kunnskap kan gjere oss stolte i møte med Gud?
5. Kva skal til for at du i større grad skal stole på Guds visdom og rettleiing?

## Utfordring



### Tilbeding og bøn

Vi treng stadig å komme tilbake til at Gud er vårt sentrum og utgangspunkt – ikkje motsett. Finn ein stille plass der du finn roen. Sett på låta «Sentrum» av Rudi Myntevik – og la det bli ei bøn i deg.



### Guds Ord

Sett deg ned med Ordspr. 9,10 aleine eller med ein eller fleire som ønsker å følge Jesus. Finn eit tomt ark og skriv/teikn ned kva det vil sei for deg å leve ut frå dette verset i din kvardag. Etterpå kan du ta med deg ein ting du ønsker å endre/justere på. Be Gud hjelpe.

## Om serien

Vi kristne trur på ein Gud som er nær, ein som vi kan kjenne, ein som forstår oss og som vi kan komme til akkurat der vi er. Og det er sant! Alt dette kan likevel føre til at vi drar Gud ned på vårt nivå – at vi tenker at han er som oss. Sjølv om det er mykje godt, sant og vakkert i vår verd og i oss menneske – er det òg mykje som er vondt, brote og øydelagt. Vi treng noko betre, noka utanfor oss sjølv og verden vi er ein del av, noko positivt annleis.

Her møter Gud oss som Heilag. Annleis. Større enn vi kan fatte. Vakkare enn noko vi har sett. Han har tankar langt høgare enn våre tankar og vegar heilt andre enn våre. Gjennom serien ønsker vi å sjå meir av denne sida av Gud – slik at vår respons blir beundring, ærefrykt og ein djupare kjærleik. Vi trenger at Han får være Gud – og vi får være menneske.

BETRE  
ANNLEIS  
HEILAG  
UTANFOR  
STØRRE

BETRE  
ANNLEIS  
HEILAG  
UTANFOR  
STØRRE

BETRE  
ANNLEIS  
HEILAG  
UTANFOR  
STØRRE

## Guds bilete

Les 1. Mos. 1,26-29 og Fil 2,6-11

Dei fleste er einige om at mennesket har ein unik verdi, men kor har vi det frå? Vi kan grunnkje det i alt frå unike eigenskapar mennesket har til status eller posisjon. Men Bibelen fortel oss at vi er skapt i Guds bilete – at vi liknar på Gud. Gud sette oss som sine representantar, til å styre over og forvalte skaparverket – der alt var godt.

Men mennesket gjorde opprør. I staden for å bruke makta til andre sitt beste, brukte dei den til eigen fordel, på andre sin kostnad. Det vonde eskalerte, fellesskapet med Gud var brote og Guds bilete i menneske knust. I respons sender Gud sin eigen son, som ikkje kjem for å herske, men for å tene. Jesus brukte sin makt til å gjere godt og viser oss kva det vil seie å vere menneske i Guds bilete. Ved å gi sitt liv for oss, gjenoppretter han det som var knust. For ein vanvitig nåde, for ein god Gud! Sanninga er: Eg er ikkje god nok, Gud er, han er god nok for meg.

## Spørsmål til samtale

1. Korleis trur du Gud – ut frå teksten – håpa at mennesket skulle fungere?
2. Når du ser på verden vi lever i. Kva synes du personleg er vondast/vanskelegast?
3. Kva med menneske trur du skuffar Gud djupast?
4. Viss Jesus er prototypen på det å verkeleg vere menneske? Kor ser du den største kontrasten mellom Han og oss?
5. Er det vanskeleg å forsonse seg med at gapet mellom kva vi menneske var meint å vere, og kva vi faktisk klarar å vere, er for stort til at vi sjølv klarar å tette det? På kva måte?
6. Klarar du å verkeleg ta inn og leve i at Jesus er god nok for deg? Korleis då?

## Utfordring



### Tilbeding og bøn

Å sette av tid i kvardagen til å berre ta imot det Jesus har gjort og er for oss, er undervurdert. Sett på låta «Du sier» av David André Østby – og ta imot det songen formidlar at Jesus er for deg, og den du er i Han.



### Guds Ord

Sitt deg ned med Fil. 2,6-11 aleine eller med ein eller fleire som ønsker å følge Jesus. Finn eit tomt ark og skriv/teikn ned sider ved Jesus som du særleg beundrar og/eller er takknemleg for.

## Om serien

Vi kristne trur på ein Gud som er nær, ein som vi kan kjenne, ein som forstår oss og som vi kan komme til akkurat der vi er. Og det er sant! Alt dette kan likevel føre til at vi drar Gud ned på vårt nivå – at vi tenker at han er som oss. Sjølv om det er mykje godt, sant og vakkert i vår verd og i oss menneske – er det òg mykje som er vondt, brote og øydelagt. Vi treng noko betre, noka utanfor oss sjølv og verden vi er ein del av, noko positivt annleis.

Her møter Gud oss som Heilag. Annleis. Større enn vi kan fatte. Vakkare enn noko vi har sett. Han har tankar langt høgare enn våre tankar og vegar heilt andre enn våre. Gjennom serien ønsker vi å sjå meir av denne sida av Gud – slik at vårt respons blir beundring, ærefrykt og ein djupare kjærleik. Vi trenger at Han får vere Gud – og vi får vere menneske.